



Vinje kommune  
v/ Rådmann Jan Myrekrok  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

## Uttale:

**Støtte til initiativ frå Vinje kommune om å etablere ein base for ambulanshelikopter i vestre del av Telemark.**

## Bakgrunn:

Vinje kommune jobbar for å på plass ein base for luftambulansse i den indre delen av Sør-Noreg, slik at dette området får eit akutttilbod med normert responstid. Det er kome positive politiske signal på etablering av ein ny base i Oppland/Hedmark, samt ein i Telemark. For at ei etablering i Telemark skal ha størst mogleg effekt for akuttberedskaperen i indre deler av Hordaland og Rogaland, må den plasserast langt vest i fylket.



Dekningskart viser at store deler av Hardanger ligg utanfor den normerte responstida ( 20 minutt ) for ambulanshelikopter med dagens lokalisering. Etablering av base vest i Telemark, vil difor ha mykje å seia for akuttberedskaperen også i vår region.

Dagens situasjonen er i strid med prinsippet om eit likeverdig akuttmedisinsk tilbod uavhengig av bustad, jf. Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015). Den er òg i strid med responstidskrava som Stortinget har sett i Stortingsmelding nr. 43 (1999-2000).

E-134 som ny hovudfartsåre aust-vest er etter tal frå SSB spådd ei døgntrafikk på ca. 8000 bilar. Det blir aukande trafikk, daglege ekspressbussruter og aukande transport også av tungtransport og farleg gods. Vegen har urovekkjande låg beredskap samanlikna med andre sentrale trafikkårer. Eit ambulanshelikopter stasjonert i Vinje vil løyse dette problemet for heile strekninga, og også for delar stamvegane rv 9, rv 13, rv 36 og rv 41.

Ei etablering av base for ambulanshelikopter i Vinje vil betra beredskap og responstid vesentleg for områder i Odda kommune, Ullensvang herad og Eidfjord kommune, men basen vil også i gitte situasjonar kunne gje betra responstid for heile Hardangerregionen.

Hardangerrådet vil derfor gje si fulle støtte til initativet frå Vinje kommune om å etablere ein base for ambulanshelikopter i Vinje kommune.

Kinsarvik 26.02.2016

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt